

# Forprosjekt nydyrking BLEKJE



*Foto: Deler av dyrkingsområdet sett frå møllepunkt B2*

Prosjekteigar	Fitjar Grunneigarlag
Styringsgruppe	Harald Rydland (leiar) Reidar Kloster Tore Sigurd Fitjar Audun Torvund
Forprosjektleiar/rådgjevar	Johannes Sandvik/Steingard AS
JSa 18. juni 2013	

# FORPROSJEKT NYDYR KING BLEKJE, FITJARFJELLET

## 1. MÅL OG RAMMER

### *1.1 Bakgrunn*

Som kjent skjer det no utbygging av vindkraft i Midtfjellet på Fitjar. Størstedelen av grunnen som Midtfjellet Vindpark vert bygd på, er på Fjellsameiga sin grunn. Det er inngått avtale mellom Fitjar Grunneigarlag og Midtfjellet Vindpark AS om vilkår for bruk av Fjellsameiga sine areal.

Avtalen sikrar Fjellsameiga eingongsvederlag og årleg produksjonsvederlag som er avhengig av kraftproduksjonen.

Vidare har vindkraftutbyggjninga ført til at det er bygd tilkomstveg til området og eit omfattande vegnett inne i sjølve vindparkområdet. Grunneigarlaget sine medlemmer har bruksrett til dette vegsystemet på avtalte vilkår.



*Foto: Utsyn frå møllepunkt 2 mot Olstjødno.*

Vindkraftutbyggjninga har ført til at det no er god køyreveg heilt inn til eit område som ein i mange år har ynskt å dyrka til grasproduksjon/beite. Området er lokalisert i søndre del av vindparken, nærare bestemt Olstjødno-området. Hovedtyngda av dyrkingsarealet ligg på ca 300 meter o.h. Deler av området har kartlagt bonitet. Samla areal er ca 400-600 mål fordelt på 4 hovudområde. Områda er lett dyrka og i all hovudsak sjølvdrenerande.

Opprinneleg tenkte me at grunneigarlaget burde leggja til rette for dyrking av områda og leiga ut teigar på langtidskontrakt til bønder. Venteleg ville me då få vanleg grasproduksjon på teigane, noko som ville innebera transport av gjødsel til fjells og transport av for ned til bygda att. I tillegg noko haustbeite.



*Foto: Mulig dyrkingsområde nord for Olstjødno*

Etterkvart har me utvikla ein ide som går ut på å nytta heile arealet til sommarbeite for mjølkekyr/storfe og sau organisert som ”Sommarseter” med hypermoderne opplegg mjølkning og tilsyn/oppfølging av dyra. Då transporterer ein i staden dyra opp og mjølk ned. Med ein pårekna beitesesong på 3 månader, vil området truleg gje grasfor nok til at størstedelen av mjølkekyrne i Fitjar kan få 2 månader kvar på fjellbeite.

Bilet pr i dag er at me ser ein realistisk mulighet, men mange spørsmål må drøftast og avklårast før proseptet kan realiserast:

- Sikra dyrkingsmulighet i revidert reguleringsplan for området
- Peika ut konkret det aktuelle dyrkingsområdet
- Laga realistisk kalkyle for dyrking og tilsåing
- Laga realistisk kalkyle for årleg avlingsmengd og produksjonskostnad, herunder risikovurdering
- Finna eigna organisatorisk modell for dyrking og for bruken av oppdyrka areal og gjennomføra denne i samarbeid med fitjarbøndene



*Foto: Vegkant ny veg i dyrkingsområde nord for Olstjødno. Gras spirer*

Styret i Fitjar Grunneigarlag har med dette som utgangspunkt vedteke å setja i gong eit forprosjekt for å få best mogeleg grunnlag for prosessen vidare.

### **1.2 Prosjekt mål**

- |          |   |
|----------|---|
| Hovudmål | Framskaffa grunnlag for avgjerd om å setja i gong dyrking av BLEKJE-området i Midtfjellet   |
| Delmål 1 | Kartleggja sannsynleg dyrkingskostnad   |
| Delmål 2 | Finna optimal frø- og gjødningsbruk og kartleggja avlingsforventning  |
| Delmål 3 | Utarbeida skisse til organisering av dyrking og bruken av dyrka areal, herunder organisatorisk og økonomisk skisse til eventuell Sommarseter. |

### **1.3 Rammer**

Forprosjektet skal starta på ettersommaren 2013 med dyrking av tre test-teigar a ca 1 mål med tilsåing hausten 2013. Avling i 2014 og 2015 vil venteleg gje grunnlag for vurdering av avlingsforventning ved fullskala dyrking. I testperioden skal ein arbeida vidare med dyrkingsplan og opplegg for evt sommarseter. Endeleg avgjerd om dyrking og bruken av dyrka område vert såleis ikkje fatta før ein har trygt nok grunnlag for dyrkingskostnad, avlingsforventning, økonomi, organisering og risiko.



Styringsgruppe

Harald Rydland, styreleiar Fitjar Grunneigarlag  
Reidar Kloster, styremedlem  
Tore Sigurd Fitjar, mjølkebonde  
Audun Torvund, Stord Fitjar Landbruks- og miljøkontor



*Foto: Styringsgruppa på synfaring*

#### **4. BESLUTNINGSPUNKT, OPPFØLGING OG MILEPÆLAR**

##### ***4.1 Beslutningspunkt***

I forprosjektet er det ikkje behov for beslutningspunkt utover det som er angitt ovanfor.

##### ***4.2 Oppfølging***

Prosjektleiar og styringsgruppe har møte etter behov. Prosjekteigar vert halden orientert.

##### ***4.3 Milepælar***

Det vert ikkje sett opp milepæloversyn i denne fasen.

#### **5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING**

##### ***5.1 Kritiske suksessfaktorar***

Kritiske suksessfaktorar for forprosjektet er:

- at ein får dyrka testområda i tide
- at ein får bearbeidd jordsmonn og sått frø i tide
- at hausting vert gjennomført etter føresetnadene
- at øvrige deler av forprosjektet vert utført i hht plan

Etter vår vurdering er det liten sannsynlighet for at ein ikkje skal klara å oppfylle føresetnadene i dette forprosjektet.

I verste fall kan det bli behov for å utsetja gjennomføringa med eit år.

## **5.2 Kvalitetssikring**

Kvalitetssikring skjer gjennom styringsgruppa si oppfølging av forprosjektet. Oppfølginga skal dokumenterast skriftleg, og det skal lagast sluttrapport.

## **6. GJENNOMFØRING**

### **6.1 Hovedaktivitetar**

#### **Del 1 Testdyrking**

Dyrking av tre teigar a ca 1 mål. Målsetjing at røynslene skal gje viktig og konkret informasjon om val av dyrkingsmetode og dyrkingskostnad.

Gjennomføring på ettersommaren 2013. Dyrkingsarbeidet vil bli utført av lokalt anleggsfirma som har røynsle med slikt arbeid. Teigane skal inngjerdast. Val av testområda skal skje i samråd med Forsøksringen.

Ein skal følgja testdyrkinga nøye for å få best mogeleg grunnlag for kostnadsoverslag i full skala.

#### **Del 2 Produksjonstest**

Tilsåing av dei dyrka teigane med ulike typar grasfrø. Opplegg i samarbeid med Forsøksringen. Målsetjing at forsøket gir grunnlag for val av frøsort(ar) og avlingsforventning ved fullskala såing. Tilsåing hausten 2013. Hausting og dokumentering av resultat basert på avling 2014 og 2015. Det skal lagast eigen rapport frå arbeidet med dokumentasjon på oppnådd resultat, bruk av ressursar (frø, gjødsel med mer) samt oppsett av avlingsforventning ved fullskala dyrking (områdefordelt).

#### **Del 3 Organiseringskisse og grovbudsjett**

Det skal utarbeidast ei skisse til organisering av dyrking og bruk av dyrka areal, herunder organisering ved eventuell etablering av Fellesbeite/Sommarseter. Frist 15. oktober 2013.

Vidare skal ein basert på funna i Del 1 og 2 laga grovbudsjett for dyrking og drift. Organiseringsmodellen bør også visa skisse til finansiell løysing. Frist for første skisse 15. oktober 2013. Justert skisse vert laga basert på avlingsforventning med grunnlag i frø/avlingsforsøk 2014/2015. Styringsgruppa vil gjennomføra ekskursjon til anna, større dyrkingsprosjekt der bruken er fellesbeite.

Målsetjing at skissane skal kunna nyttast til å vurdere realismen i prosjektet, grunnlag for intern drøfting i Grunneigarlaget og drøfting med fitjarbøndene. Dei første drøftingane kan starte vinteren 2013/14.

Forprosjektet skal ikkje omfatta detaljprosjektering av fullskala dyrking, detaljprosjektering av eventuell Sommarseter, utarbeiding av juridisk avtaleverk m.v.

## **6.2 Tids- og ressursplanar**

Del 1 krev kompetanse i dyrking/overflatehandsaming. Agronomkompetanse

Del 2 krev agronomkompetanse

Del 3 krev økonomisk/administrativ kompetanse

Kompetansekrava vert stetta.

## **7. ØKONOMI**

Total forventa kostnad NOK 155 000,-

Finansieringsplan:

Søknad om stønad, Fylkesmannen NOK 60 000,-

Eigenandel Grunneigarlaget og

evt. støtte frå andre NOK 95 000,-

## **8. KONTRAKTER OG AVTALAR**

Nødvendige avtalar med leverandørar vil bli inngått.